

Omsorgsteamet i Fyresdal kommune



Formål

Omsorgsteamet skal være eit lavterskel tilbod til barn og ungdom, 0-18 år, i Fyresdal kommune. Det skal kjenneteiknast av tverrfaglig samarbeid mellom tenestene. Målet er å fremme god helse og førebygge omfanget av problem og behovet for hjelp.

Omsorgsteamet hovudoppgåve er å:

- Drive førebyggjande arbeid.
- Gi råd og rettleiing.
- Ha uformelle drøftingar i fagteam og koordinere samarbeid på tvers av tenester og profesjonar.
- Tidlig og rask vurdering av type problem og omfang, og av vidare hjelpebehov.
- Finne rett hjelpeinstans og sette inn tiltak der det er nødvendig.

Mandat

Omsorgsteamets tiltak er forpliktande for barnehage, skule og anna kommunal verksemd barnet er tilknytt.

Teamet skal blant anna:

- Sette i verk førebyggjande tiltak for å fremme god helse.
- Etter samtykke og i samarbeid med barn/føresette kan omsorgsteamet sjå til at einskildvedtak og individuell plan blir utarbeidd. Det blir fordela ansvar til den som er nærmast brukaren.

Ansvar

Omsorgsteamet har blant anna ansvaret for:

- Informasjon og opplysningsarbeid ovanfor barn, unge og føresette.
- Ta i mot og drøfte bekymringsmeldingar så tidleg som mogeleg.

Faste deltakarar

- Psykiatrikoordinator
 - Rektor på Gimle
 - Sosial pedagogisk rettleier på Gimle
 - Avdelingsleiar i barnehagen
 - Avdelingsleiar kultur
 - Helsesøster
 - Jordmor
-
- Nav, barnevern møter ein gong i mnd.
 - Andre instansar kallast inn etter behov.

Møte

Omsorgsteamet skal ha faste møter kvar 14. dag.

Sentrale lovar og forskrifter

Omsorgsteamet skal til ein kvar tid rette seg etter reglane i

- Opplæringslova, med forskrifter
- Barnehagelova, med forskrifter
- Lov om sosiale tenestar, med forskrifter
- Lov om kommunehelsetenestene, med forskrifter
- Lov om psykisk helse, med forskrifter
- Lov om barnevern, med forskrifter
- Forvaltingslova, med forskrifter

Kontakt

Ved behov ta kontakt med ein av personane i teamet.

På e-post:

- Christin Skansen: christin.skansen@fyresdal.kommune.no
- Ågot Takle: aagot.takle@fyresdal.kommune.no

På telefon:

- Fyresdal legekantor: 350 67 300
- Fyresdal kommune: 350 67 100